

# Er tida inne for å byggje kjernekraftverk i Noreg?

Finland har nyleg starta opp den første nye atomreaktoren sin på 40 år. Når han er i full drift, vil han auke den finske elektrisitetsproduksjonen med 14 prosent. Finland har allereie to eksisterande atomkraftverk.

Fleire norske kjernekraftentusiastar ser positivt på Finlands utbygging og meiner at det kan vere eit døme å følgje. Diskusjonen om kjernekraft, som ein del av eit energitilbod, har fått nytt liv dei siste åra, spesielt med tanke på motstand mot vindkraft og auka straumbehov. Nokon har til og med foreslått stader i Noreg som eignar seg for produksjon og lagring av atomavfall. Ein organisasjon kalla Klimavenner for kjernekraft vart etablert i 2020 for å opplyse og avkrefte mytar om kjernekraft.

I Belgia har politikarane nyleg annonsert at dei kanskje ikkje vil leggje ned atomkraftverka sine likevel. Dette har fått nokon til å hevde at kjernekraft kan vere ein viktig del av løysinga på klimakrisa.

Fleire ekspertar argumenterer for at det nordiske straumnett har behov for kjernekraft, og at byggjetida for nye reaktorar vil gå ned når det er større satsing på dette området. I Noreg har regjeringa ikkje nemnt kjernekraft i stortingsmeldinga si om energiutvikling, noko som har vorte kritisert av enkelte politikarar. Dei argumenterer for at Noreg bør sjå til


nabolandet Finland og hente kunnskap om kjernekraft derfrå.

Kjernekraft er framleis kontroversielt. Fleire peikar på risikoen knytt til atomkraft, som vist gjennom atomulykka i Fukushima i Japan i 2011. Andre hevdar likevel at kjernekraft er ei trygg, rein og klimavennleg energikjelde som tek opp mindre areal enn vindkraftverk og solkraftverk.

Universitetet i Oslo startar denne hausten opp ei ny utdanning i kjernefysikk og nukleærteknologi. På NTNU har ei gruppe forskarar starta å forske på kjerneenergi. Dei synest det er altfor mange som uttaler seg om saka utan å kunne nok om det dei snakkar om. Desse forskarane vil derfor samle all kunnskap som finst, og dele dette med politikarar og folk. Fleire meiner tida er inne for å diskutere kjernekraft igjen. Verda står overfor ei energikrise. FN og EU ser på kjernekraft som «grøn energi» og ein del av den globale løysinga.

Kanskje det blir nettopp DU som skal jobbe med dette når du blir eldre!





# Er tida inne for å byggje kjernekraftverk i Noreg?

## Oppgåveark

1) Kva for nokre nordiske land er langt framme i bruken av kjernekraftverk?



2) Finst det kjernekraftverk andre stader i Norden? Bruk internett og sjekk ut.



3) Kvifor er det fleire som har vorte positive til å byggje kjernekraftverk i Noreg?



4) Kva var grunnen til ulykka i \*Fukushima? Bruk internett og sjekk ut.



5) Kvifor trur du universitet startar opp utdanning i kjernekraft sjølv om vi ikkje har noko slikt i Noreg?

